

Fedje kommune
Stormarksvegen 49
5947 Fedje

Fedje LivOgLyst

v/ prosjektkoordinator Linda Husa

mathusa@online.no

Fedje, 06.10.23

SØKNAD OM MIDLAR FRÅ DUGNADSFONDET 2023 TIL MATFEST 2.NOV 2023

Det har vore arrangert Matfest to gonger tidlegare. Første gongen var det Fedje Skule som var arrangør og i 2022 var det Psykisk Helse/ Fedje Kommune som arrangerte Matfest. I år er det ei gruppe frå LivOgLyst som tek på seg å arrangere Matfest. Tanken bak Matfest er å synleggjere alle dei matkulturane og mattradisjonane frå ulike plassar i Norge og frå ulike nasjonalitetar som er representert på Fedje. I fjor var det bidrag frå om lag 13 land! Det var ikkje bidrag frå Norge så det vil vi spesielt oppmoda til i år.

LivOgLyst søker om kr 5000,- frå dugnadsfondet 2023. Pengane er tenkt til å dekke utgifter til utlegg for ingrediensar som bidragsytarane har i forbindelse med Matfest. Vi har også tenkt til å ta inngangspengar, 50kr for vaksne, 30kr for barn, 100kr for familie. Desse pengane vil uavkorta gå til hjelpearbeid merka Ukraina. Om utlegga for matingrediensar vert mindre enn 5000kr vil dei resterande pengane også gå til hjelpearbeid i Ukraina. Om 5000kr ikkje dekker kostnadane for matingrediensar vil LivOgLyst betale det overskytande av egne midlar.

Me håpar på positivt svar.

For Fedje LivOgLyst

Linda Husa, prosjektkoordinator

Otto André Nordby og Elisabeth G. Tunland